

**Sakshandsamar:**Inge Horstad  
E-post: Inge.Horstad@sfj.no  
Tlf.: 41530618**Vår ref.**Sak nr.: 15/5437-1  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

25589/15

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 03.07.2015

## Kostnadsreduksjonar samferdsle 2016-2019

### Planlegging av rutetilbodet frå 20. juni 2016

Sogn og Fjordane fylkeskommune greier for tida ut ulike kostnadsreduserande tiltak for å tilpasse seg nye økonomiske rammer.

Samferdsleavdelinga har greidd ut tiltak innanfor sine område som er kollektivtrafikk og fylkesvegar.

Hovudutval for samferdsle delte 13. mai 2015 aktuelle tiltak inn i tre nivå. De finn denne saka og andre aktuelle saker på fylkeskommunen sine sider. Utgreiingane er enno på eit overordna plan der ein skisserar kostnadsreduksjonar innanfor kategoriar.

Det vert lagt opp til kostnadsreduksjonar over fleire år framover mot 2019. Hausten 2015 vil det bli lagt fram tiltak som skal gjelde frå 20.juni 2016.

Som tidlegare år vert det ein ruteplanprosess der vi inviterer kommunane og andre interesserte til å kome med ruteinnspel. Vi bed om at alle innspel vert sende via kommunane.

**Innspel til endringar i rutetilbodet frå 20.juni 2016 må vere oss i hende snarast råd, men seinast 1. oktober 2014.**

### Kostnadsreduksjonar framover mot 2019

For åra 2017 til 2019 vil det verte greidd ut større kutt som gjev tilsvarande større konsekvensar.

For å sikre mest mogleg kunnskap om behovet til innbyggjarane ynskjer vi dialog med kommunane. Vi treng tilbakemelding på kva tenester som er spesielt viktige for innbyggjarane i ulike område av fylket vårt, og kva som er mindre viktig.

Samferdsleavdelinga er difor opne for å møte kommunar for samtalar om kva behov som er i ulike område. Vi vil med dette brevet oppmode kommunane i fylket til å ta kontakt med samferdsleavdelinga dersom de har behov og ynskje om eit møte med administrasjonen. Samferdsleavdelinga set av ekstra tid til slike møte utover vinteren 2015/16.

Med helsing

Velaug Veum  
samferdsledirektør

Øystein Hunvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*



Mottakrar

Kommunane i Sogn og Fjordane og regionråd v/ordføraren  
Ruteselskapa i Sogn og Fjordane  
Sogn og Fjordane Taxiforening v/Endre Råheim, 6978 Viksdalen  
Taxi Transport Service, Sognefjordvegen, 6863 Leikanger  
Yrkestrafikkforbundet v/Kurt Magne Neset, 6856 Sogndal  
Yrkestrafikkforbundet v/Tore Even Øvretvedt, Gamlestøylsvegen 6 B, 6814 Førde  
Yrkestrafikkforbundet v/Einar Flåten, Flåten Kvam, 6856 Sogndal  
Yrkestrafikkforbundet v/Terje Lykkebø, 6713 Almenningen  
Norsk sjømannsforbund v/Sissel Johanne Skarsbø, Kongabergvegen 28, 6856 Sogndal  
Norsk Sjøoffisers forbund v/Atle Trollebø, Gate 6 nr 105, 6700 Måløy  
Sogn og Fjordane transportarbeiderforening, pb. 636, 6804 Førde  
Visit Sognefjord AS, Trolladalen 30, 6856  
Reisemål Stryn & Nordfjord, Perhusvegen 24, 6783 Stryn  
Visit Fjordkysten AS, Strandgata 42, 6900 Florø  
Posten Norge BA, 5020 Bergen  
Pasientreiser Helse Førde, Naustdalsvegen 5, 6800 Førde  
Statens vegvesen, her  
Vidaregåande skule, ved rektor  
Fylkesting for ungdom / Ungdomspolitisk utval, her  
Fylkesrådet for funksjonshemma/fylkesrådet for eldre, her  
Informasjonssjefen, her